

Knut G. Austad
Austad 199
4745 Bygland

OED
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Austad 22.08.2019

Innvendingar mot nasjonal plan for vindkraft på land, Bygland kommune.

Syner til NVE sin nasjonale rammeplan for vindkraft, eit forslag på oppdrag frå OED, og vil i den samanheng koma med nokre synspunkt.

Bygland kommune er ein stor kommune i areal både på aust – og vestsida av Otra og Byglandsfjorden, kommunen ligg i Aust – Agder. Syner til nemnde plan der Bygland kommune, og regionen generelt kan få store fysiske inngrep i landskapet om planen skulle bli godkjend av sentrale politiske organ. Særleg kan dette vera svært uheldig for Europa sin særlegaste villreinstamme som vandrar på begge sidene av vassdraget og på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

1. Syner til OED sitt vedtak 16. januar 2018 der dei omgjer NVE sin konsesjon på Hovatn Aust Vindkraft AS i Bygland kommune. Der heiter det m.a. *«Departementet legger samtidig stor vekt på at planområdet til vindkraftverket ligger innenfor Nasjonal Villreinområde i Heiplanen. Vindkraftverket innebærer en type arealutnyttelse som medfører fragmentering av areal avsatt til nasjonalt villreinområde. Det er i tillegg lagt noe vekt på at tiltaket kan føre til forringelse av naturmangfold gjennom de potensielle negative virkningene for hubro.»*

Legg ein til grunn kartgrunnlaget i NVE sin rammeplan saman med kartgrunnlaget i rapport 6 / 2010 frå Norsk Villreinsenter og kartgrunnlaget i Heiplanen som omtalar villreinen, støyter motstridande interesser saman. Kartgrunnlaget er litt diffust, men det er også leveområdet for villreinen. Den treng, i fylje forskarane, store randsoner som den kan nytta i sitt nomadiske levesett.

Departementet må difor leggja tidlegare nemnde avslag på konsesjonssøknad til grunn når rammeplanen skal opp til endeleg handsaming, og samstundes hugså på at Noreg er medlem av Bern-konvensjonen.

Skrantesjuka

Den norske villreinen er under press på fleire måtar, dei to siste åra har problemstillinga skrantesjuka blitt eit svært alvorleg problem for forvaltinga av villreinen. 1400 dyr i Norefjella villreinområde blei skote ned for å hindra at denne smittsame sjukdomen skulle spreia seg. I april 2019 vedtok villreinnemnda for Hardangervidda, etter instruks frå Mattilsynet, å gjeva ei fellingskvote på 6000 reinsdyrbukkar for å få mest mogleg innsamla materiell til analysing. Denne utviklinga gjer at Noreg har eit stort ansvar og plikt til å forvalta villreinen for Setesdal- aust og vesthei slik at ein har i kraftig villreinstamme med friske dyr som, om naudsynt, kan nyttast for å byggja opp att nye villreinstammer.

2. I vår kom FN-rapporten (IPBES) som slår fast at nedbygging av natur representerer den største faren for det biologiske mangfaldet og levevilkåra for både menneske og dyr på kloden. Denne FN-rapporten bygger dermed opp under OED sitt avslag på konsesjon for Hovatn Aust Vindkraftverk AS, der OED nemner spesielt at vindturbinane «*vil føre til forringelse av naturmangfold gjennom de potensielle negative virkningene for hubro.*»

Både villreinen, hubro og andre sårbare dyre- og fugleartar som er innan for NVE sin føreslåtte rammeplan bør vurderast særleg opp mot lov om naturmangfald og FN-rapporten. NVE har i sine føringar i hovudsak vektlagt dei økonomiske tilhøva med omsyn til vindstyrke og tilkobling til straumnett, biologisk mangfald står ikkje like høgt på sakslista for dei.

3. Samfunnsøkonomisk versus bedriftsøkonomisk er to ulike storleikar som departementet må vurdere og ta stilling til. At det er bedriftsøkonomisk lønsamt er ikkje det same som at det er samfunnsøkonomisk lønsamt. FN-rapporten (IPBES) legg nettopp vekt på dei elementa skal inn i den samfunnsøkonomiske vurderinga før endeleg vedtak blir fatta. I den samanheng kan ein syna til den massive motstanden som vindturbinar på land har skapt, folk bryr seg både om øydelegging av naturmangfaldet og redusera livskvalitet. Dei faktorane skal takast med i den samfunnsøkonomiske oppstillinga.

Med helsing

Knut Grundeson Austad

Grunde Austad

Sveinung Trydal

Øyvind Trydal